



# For auka elevengasjement i KRLE 8–10

NYNORSK APRIL | 2019

## Bingo om jødedommen

### Innleiing:

Bruk gjerne oppgåva som innleiing til tema jødedommen (basert på førehands-kunnskap/gjetting) eller som repetisjon/oppsummering.

**Tid:** 45–60 min

- Læraren sitt ark (Spørsmål og svar, kopiark 1)
- Eleven sitt ark (Bingo om jødedommen, kopiark 2)
- 25 papirbitar frå 1-25 (klipp ut fra kopiark 3)
- Penn

### Føremål med aktiviteten:



Lære ord, omgrep, namn, stader og årstal knytta til jødedommen. Oppgåva er enkel å gjennomføre, og den gir læraren moglegheit til å gi dei aller fleste elevane ordet i løpet av timen. Den har og eit visst konkurranseelement, der kven som helst kan vinne, uavhengig av førehandskunnskap.

### Framgangsmåte:

Elevane får utdelt eit bingoark kvar (kopiark 2). På bingoarket finn dei ord som dei skal fylle ut i dei tomme rutene (bruk helst penn). Lærar let ein tilfeldig elev trekkje ein nummerlapp. Spørsmålet vert lest opp, og dei elevane som kan svaret rekk opp handa. Dersom svaret er riktig, kan dei elevane som har dette ordet på bingobrettet sitt krysse det av. Dersom svaret er feil, går spørsmålet vidare til ein annan. Den som svarte rett, får trekke neste nummerlapp, osv.

Så gjeld det å vere førstemann til 5 på rad (vassrett, loddrett eller diagonalt), deretter førstemann til biletet (dei midterste 9 rutene), førstemann til ramme (dei ytre 16 rutene), eller fullt brett (som sjeldan skjer).

Har ein tid til overs, kan ein be elevane lage spørsmål til, eller forklare ord frå lista som ikkje vart brukt i bingoen. Ein kan også be dei plukke ut eit tilfeldig omgrep, og fortelje munnleg kva meir dei veit om det.



**Store spørsmål  
– fordjupning og forståing i KRLE**



## Bingo om jødedommen – læraren sitt ark

- 1.** Kva kallar ein mat som det er tillate å ete for jødar? (Kosher)
- 2.** Kva for ein fest blir feira til minne om da jødane erobra tempelet tilbake frå grekarane i 164 f.Kr.? (Hanukka)
- 3.** I kva for ein by ligg Vestmuren, der mange jødar kjem for å be? (Jerusalem)
- 4.** Kva er namnet på den jødiske bibelen? (Tanakh)
- 5.** Når fekk jødar lov til å komme inn i Noreg? (1851)
- 6.** Kva blir kvile dagen i jødedommen kalla? (Sabbat)
- 7.** Kva heitte fjellet der Moses tok imot Toraen? (Sinai)
- 8.** Kva heitte kongen som spelte harpe og dikta songar? (David)
- 9.** Når vart tempelet i Jerusalem øydelagt? (år 70 e.Kr.)
- 10.** I kva for eit land utanom Israel bur det flest jødar i dag? (USA)
- 11.** Kva for eit ord betyr «hat mot jødar»? (Antisemittisme)
- 12.** Kva heiter forsamlingshuset til jødane? (Synagoge)
- 13.** Eit anna ord for massedrap av jødar under den andre verdskriga. (Holocaust)
- 14.** Ei feiring der gutar har lært alle dei jødiske skikkane i heimen (Bar mitzva)
- 15.** Ein konge som skal komme med fred (Messias)
- 16.** Namn på ei lue menn brukar i synagoga (Kipa)
- 17.** Kva blir ein jødisk, religiøs leiar kalla? (Rabbinar)
- 18.** Jødane sitt namn på skriftene som dei kristne kallar for Mosebøkene? (Tora)
- 19.** Kva heitte profeten som førte jødane ut av Egypt? (Moses)
- 20.** Kva er det offisielle språket i Israel i dag? (Hebraisk)
- 21.** Ein norsk by utanom Oslo der det finst ei synagoge? (Trondheim)
- 22.** Den nest største religionen i Israel i dag (Islam)
- 23.** Namn på høgtid som direkte oversatt tyder «gå forbi» (Pesach)
- 24.** Kva blir ein forsongar i synagogen kalla? (Kantor)
- 25.** Omgrep som beskriv trua på éin Gud (Monoteisme)



## Bingo om jødedommen – eleven sitt ark


Skriv inn **25** av desse 36 svara.

Skriv berre eitt alternativ i kvar rute. Du har berre lov til å skrive same svar éin gong.

<b>Kosher</b>	<b>David</b>	<b>Kantor</b>	<b>Moses</b>
<b>Trondheim</b>	<b>Kipa</b>	<b>Tanakh</b>	<b>Kristendommen</b>
<b>Sinai</b>	<b>Sabbat</b>	<b>Holocaust</b>	<b>Hanukka</b>
<b>Menora</b>	<b>Hebraisk</b>	<b>Russland</b>	<b>Bar Mitzva</b>
<b>Pesach</b>	<b>Rabbinar</b>	<b>1851</b>	<b>Talmud</b>
<b>Synagoge</b>	<b>70</b>	<b>Yom Kippur</b>	<b>Bergen</b>
<b>Jerusalem</b>	<b>1814</b>	<b>Antisemittisme</b>	<b>Usa</b>
<b>Salomo</b>	<b>Roma</b>	<b>Semittisk</b>	<b>Messias</b>
<b>Monoteisme</b>	<b>Islam</b>	<b>Tora</b>	<b>Rasisme</b>



## Bingo om jødedommen



1

2

3

4

5

6

7

8

9

10

11

12

13

14

15

16

17

18

19

20

21

22

23

24

25